



Dei rosande orda sit laust når trenar Pål Haugland beskriv dei to langrennstalenta Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland. Han håpar dei får ein flott sesong med gode forhold framover.

**Sjølv om snøforholda er dårlege, og karusellrennet denne helga er avlyst, kan langrennstalentet Kari Bråtun(16) sjå tilbake på ei aktiv og god treningsveke, før ho toppa det med ein flott 3.plass i klassen for Kvinner 17 på Sjusete i Kvam i dag.**

Frå mandag til fredag var ho på treningssamling med langrennsløparane på skilinja ved Voss gymnas. Samlinga var også denne gangen på Liatoppen mellom Gol og Geilo. Kari kan fortelja om ei god og inspirerende treningssamling, og sjølv med ein del kuldegrader var det flotte treningsdagar med sol og gode treningsforhold.

Kari er svært glad for at ho har fått mulighet til å vera med i dette treningsfellesskapet som denne gangen samla 26 lovande skiløparar. Ho rosar både treningsutbyttet, det sosiale fellesskapet og trenarane. Og vi skjønar godt dette, for i den dyktige trenarstaben finn vi velkjende namn som Kristen Skjeldal, Knut Steinar Skiple(svært viktig for eliteløparen Sjur Røthe i yngre år) og Jarle Ure.

Kari kom heim frå samlinga seint fredag kveld, og alt lørdags morgonen sette ho kursen mot Sjusete i Kvam, for å delta i konkurranse der. Mesteparten av deltakarane kom frå Hordaland, men det var og deltakarar frå nabofylka. Kari tok ein flott 3.plass i Kvinner 17. Vinnaren i denne klassen kom frå Hemsedal. Distansen var 5km fri teknikk. Kari var godt fornøgd etter rennet, og ho syns det er svært godt å koma skikkeleg i gang etter at ho har hatt eit par rundar med sjukdom.

Sjukdom forhindra Kari si gode og talentfulle venninne Ingebjørg Haugland frå å delta. Ho måtte dessverre og melde avbud til treningssamlinga. No ønskjer dei to venninnene at dei framover vert friske og at dei får gode snøforhold. Det fortener dei, for dei har lagt eit svært godt grunnlag for sesongen gjennom godt treningsarbeid.

Elles nemner vi at det i morgon er nytt renn på Sjusete. Også då vert det uskedelingar på startreken. Søstrene Solveig og Veslemøy Haugland er påmelde saman med veteranen Oddmund Soldal. Den aktive skigruppa i idrettslaget markerer seg flott, også utan for Kvinnherad sine grenser!

Foto: Ola Matti Mathisen  
Tekst: Thor Inge Døssland